

God rekruttering og trolsk stemning

Skulekorpset og hornmusikken i Stordal inviterte sist laurdag til konsert i Stordalshallen. Som tema for musikkval og dekor i salen hadde dei valt Dovregubbens hall.

Alfred Nilsen
alfred@storfjordnytt.no

Eit gjennomført pynta lokale, der lite var overlate til tilfeldighetene, gav ei i trolsk stemning.

Mange aspirantar

Folk kunne kjøpe seg kaker og kaffi frå eit stort kakebord ein halv time før programmet starta. Det var i gang då 14 lystige aspirantar kom spelande og marsjerande inn til skulekorpset. Små smilande småtroll med kvart sitt instrument vart presenterte med namn av ordførar Eva Hove. Så spelte dei seg ut att og skulekorpset starta på si avdeling. Med dirigent Nick Ost i spissen spelte dei tre nummer før dei fekk litt hjelp av Stordal hornmusikklag som vart med på dei tre siste nummera i avdelinga før pause. Musikkvalet var kjenslevert og fint og òg dramatisk og voldsomt.

Godt trøkk

Scena var plassert på langveggen medan kakebordet og kaffien var det det brukar. Herlege kaker som smakte godt og som gav pengar i kassa til korpsa i Stordal. I tillegg hadde dei utlodding til same føremålet.

Etter pause var det Stordal hornmusikklag som spelte heile åtte nummer. Eitt av dei var Peer Gynt Suite nr 1 av Edvard Grieg og det var der dei hadde hente tittelen "I Dovregubbens hall" frå.

For å få endå større trykk i hornmusikklaget hadde dei med seg nokre musikantar frå Vatne og ein frå Vålldal. Korpsfolket i Stordal fekk veldig gode tilbakemeldingar på konserten sin og mykje folk var innom Stordalshallen sist laurdag. Det var på grunn av lyden dei hadde scena på langsida av hallen, noko som gjer at lyden vert betre formidla til publikum.



Dei kom marsjerande inn dei 14 aspirantane i skulekorpset, vart presenterte, spelte ein trall før dei marsjerande spelte ut att.



Bjørn Martin Grønning har spelt tromme i sju veker og på spørsmål om kva tromme han spelar fekk Storfjordnytt til svar: Sønn tromme som Kristoffer spelar på.

Med same du sette foten din inn i Stordalshallen sist laurdag, var du litt inne i Dovregubbens hall



Den fyrste delen av konserten spelte Stordal skulekorps delar saman med Stordal hornmusikklag dirigert av Nick Ost.